

Julegledede- 2019



Frå tysdag 12.november vert det moglegheit for innbyggjarar i Luster kommune som synes det er vanskeleg å gå jula i møte, å fylle ut eit enkelt skjema for å ha høve til å motta ei julegledede. Her kan de som foreldre velge mellom personlege gåver til barna, eller ei opplevingspakke for familien.

«Julegledede» er eit samarbeidsprosjekt i Luster kommune som bidreg til at familiar med økonomiske utfordringar skal få tilbod om å ta imot ei julegåve.

Julehøgtida handlar i hovudsak ikkje om materielle ting.

Det handlar om å få vere saman med familie, venner og dei ein er glade i.

«Julegledede» kan vere med å bidra til at ein får litt færre bekymringar, at barna får noko dei ynskjer seg, og at jula blir god for alle.

Det er ei høgtid som forsterkar kjenslene våre, både gleder og sorger.

Det kan av ulike årsaker vere ei vanskeleg tid for mange.

Kjøpepress og forventingar kan skape vanskelege tankar for foreldre om å ikkje strekke til, eller at ein ikkje kan gje barna noko dei ynskjer seg til jul.

Me ynskjer å bidra til at alle skal få oppleve ei god jul!



Skjema kan du hente på helsestasjonen i Gaupne.

Det er heilt anonymt, men det er viktig at du oppgir alle nødvendige opplysningar på skjema; antal familiemedlemmer, kjønn og alder på barna. Øvste delen av skjema legg du i ei raud postkasse som står på helsestasjonen- merka med julegledede-2019.

Du riv av den nedste delen på skjema og det er viktig at du tek vare på den.

Dette er ein kvittering som skal nyttast når du hentar julegåvene.

Frist for innlevering av skjema er fredag 6.desember i postkassen på helsestasjonen.

Henting av julegåver:

-Friskhuset i Gaupne ved treningssenteret.

-Måndag 16.desember og tysdag 17.desember frå kl. 09.00- 15.00.

Ved spørsmål, ta gjerne kontakt med Luster Røde Kors- 470 13 690

Vennleg helsing arbeidsgruppa i «Juleglede-19»

med representantar frå Luster Røde Kors, Luster Lions, Kyrkja i Luster, NAV Luster, Luster frivilligsentral og Gaupne helselag.